

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	04.11.2009	119/09	ANT

Avgjerslemynde: HPLT Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft	Arkiv: K1-242 Objekt:	Arkivsaknr 08/164
--	--------------------------	----------------------

## SØKNAD OM VILTFONDSMIDLAR TIL GJERDE OMKRING GRØNSAKÅKER OG FRUKTHAGE

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.02.2008	BioForsk Vest	Søknad om økonomisk stønad frå viltfondet til prosjektet - Kostar hjorten meir enn han smakar?
2	I	14.02.2008	hundeutavlet NJFL	Stønad til open prøve i blodspor april 2008
3	U	27.03.2008	hundeutavlet NJFL; Øystein Sjursen	Søknad om midlar frå kommunale viltfond 2008-Støtte til ettersøkshundprøve
4	U	27.03.2008	BioForsk Vest	Søknad om midlar frå kommunale viltfond 2008-Støtte
5	I	30.09.2008	Bjarte Sæbø og Kjersti Flatråker	Søknad om stønad til gjerde
7	I	27.11.2008	Bioforsk Økologisk v/Erling L. Meisingset	Viltforvalting - Merke og utviklingsprosjekt hjort - Hordaland og Sogn
8	U	19.01.2009	Bioforsk Økologisk v/Erling L. Meisingset	Svar vedrørende merke- og utviklingsprosjekt hjort i Hordaland og Sogn
9	I	03.02.2009	Bjarthe Sæbø og Kjersti Flatråker	Tillegg til søknad om midlar til å setje opp gjerde

### Vedlegg i saka:

Søknad med kart over omsøkte tiltak omkring gardstunet på Nordanger.

### Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om økonomisk støtte til oppsetting av hjortegjerde rundt areal som vert nytta til grønsaksåker, frukt- og bærhage. Garden på Nordanger som driv økologisk og er godkjent av Debio opplyser om at dei er plaga av at hjorten et opp avlinga deira.

Gardbrukarparet har tenkt å nytte garden sin framover i eit ”Inn på tunet prosjekt”. Dette opplegget er retta mot skuleelevar og andre som treng eit alternativ i kvardagen, og då er det viktig at avlinga deira får vera i fred då den er ein viktig del av opplegget og undervisninga.

Dei har alt byrja med eit samarbeid med skular om dette. Garden vil og fokusera på gamle arbeidsmetoder i prosjektet sitt. Areal som er tenkt nytta i dette oppplegget og som skal gjerast inn er på om lag 7 dekar. Totalt må det setjast opp om lag 1.100 meter med gjerde til ein estimert kostnad på kr. 66.000.

Søknaden om støtte til å hindra hjorteskade på avlingar som frukt, bær og grønsaker er i tråd med Direktoratet for Naturforvalting (DN) sin føreskrift om kommunale viltfond (FOR 2001 nr. 520). I § 4 her står det at fondet kan brukast til m.a. tiltak for å forebyggje skadar som hjorteviltet gjer på landbruksnæring. Søknaden er og i samsvar med punkt. 5 i den kommunale retningslinja for viltfondet i Radøy kommune, godkjent av kommunestyret i Radøy 17. september 2009. I denne gjerdesaka vil ein heller ikkje overføra problema med meir hjorteskade på andre gardbrukarar, som det til dømes hadde vore, viss det for eksempel hadde vore tala om å gjerda inn ei eng. I Hardanger kommunane vert det gjeve viltfondsmidlar til slike tiltak årleg for å hindra skader på frukt og bær. Viltforvaltinga ser at det er vanskeleg og uråd å hindra hjorteskade på slike produksjonar som her, utan eit godt hjortegjerde.

Saka vart diskutert i underutvalet for vilt- og innlandsfiske den 19.juni 2009. Underutvalet tilrådde at ein i slike saker gav 25% i tilskot. Argumentet deira var at tilskotet skulle vera ein stimulans for brukar, men og fungera slik at det er berre dei som har skikkelege økonomiske motiv som vil søkje og gjennomføre slike viltgjerdetiltak. Administrasjonen synes sidan underutvalet har diskutert dette at det her er naturleg at det vert gjeve 25% tilskot til omsøkt tiltak, dvs. kr. 16.500. Utbetalinga vert gjort når arbeidet er ferdiggjort og godkjent av Radøy kommune. Til orientering står det om lag kr. 244.000 på Radøy kommune sine viltfondsmidlar. Dette er midlar som kjem inn gjennom fellingsavgifta på hjort.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune løyver kr. 16.500 til omsøkte tiltak frå Viltfondsmidlane i Radøy kommune. Det er eit vilkår at gjerde vert sett opp som omsøkt på vedlagt kart. Arbeidet må gjerast ferdig innan år 2010. Viser elles til saksutgreiinga over.

#### **04.11.2009 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med eit tilleggspunkt frå Audun Sylta(H)

- Det må leggjast fram næringsoppgåve som dokumenterer inntekt/utgift frå næringa før tilskot vert utbetalt.

#### **PLT-119/09 VEDTAK:**

Radøy kommune løyver kr. 16.500 til omsøkte tiltak frå Viltfondsmidlane i Radøy kommune. Det er eit vilkår at gjerde vert sett opp som omsøkt på vedlagt kart. Arbeidet må gjerast ferdig innan år 2010. Viser elles til saksutgreiinga over.

- Det må leggjast fram næringsoppgåve som dokumenterer inntekt/utgift frå næringa før tilskot vert utbetalt.